



MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtestad: 1. etg., Samfunnshuset i Volda
Dato: 26.11.2015
Tid: 16:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Magnar Sunde	Medlem	AP
Margrete Trovåg	Medlem	AP
Uthman Harbid	Medlem	AP
Bjørn Ytrestøyl	Medlem	AP
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Sindre Kvangarsnes	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H
Sindre Rotevatn	Medlem	H
Per Svein Krøvel	Medlem	H
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Henning Holsvik	Medlem	KRF
Erlend Koppen	Medlem	KRF
Erlend Krumsvik	Medlem	KRF
Øyvind Festø	Medlem	MDG
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Rebecca Riise Bjerknæs	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Åshild Vik	Medlem	SV
Benedikte Holmberg	Medlem	V

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Roald Arnold Espset	Medlem	FRP
Hild Våge	Medlem	AP
Arild Iversen	Medlem	KRF
Jon Georg Dale	Medlem	FRP

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Anne Lise Fredly	Hild Våge	AP
Edvin Dale	Jon Georg Dale	FRP
Jenny Venås	Roald Arnold Espset	FRP
Inger Tove B. Simonnes	Arild Iversen	KRF

Jan Øystein Håvik Holsvik Sølvi Dimmen frå kl. 17:20 SP

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Rune Sjugard	Rådmann
Bente Engeseth	Konsulent, sak PS 117/15
Henrik Skovly	Økonomisjef, sak 118/15

Det var 26 røysteføre til stades ved møtestart.

Sølvi Dimmen fekk permisjon og gjekk kl. 17:20 etter handsaming av sak PS 120/15. Jan Øystein Håvik tok sete som vara.

Erlend Krumsvik kom kl. 17:40 etter handsaming av sak PS 125/15. Det var då 27 røysteføre til stades.

Jenny Venås fekk permisjon og gjekk under handsaming av sak PS 126/15. Det var då 26 røysteføre til stades i framhald av møtet.

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 115/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 116/15	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 142/15	Resolusjon - Volda sjukehus
PS 117/15	Skjenkeløyve - Fjordkongen AS (org nr 915055885)
PS 118/15	2. Tertialrapport 2015
PS 119/15	Justering av innkjøpsreglementet
PS 120/15	Plan Id 1519 -2012011: Reguleringsplan område B60 Strand
PS 121/15	Nye 110-regionar og samlokalisering av nødmeldetenesta - Høyring
PS 122/15	Campusutvikling på høgskulen i Volda - Kommunen sin medverknad
PS 123/15	Næringsareal på Rotset - Gjennomføring av reguleringsplan- Oreigning
PS 124/15	"Førebyggje utanforskap - inkludere i felleskapet"

- PS 125/15 **Reforhandla samhandlingsavtale mellom Helse Møre og Romsdal og Romsdal HF og kommunane i Møre og Romsdal - godkjenning**
- PS 126/15 **Kommunereformen - Oppnemning av forhandlingsnemnd**
- PS 127/15 **Rapportering på oppfølging av vedtak pr. utgangen av august 2015**
- PS 128/15 **Bruk av vertskommunetilskotet for asylmottak**
- PS 129/15 **Utkjøp av brakker nytta til undervisning**
- PS 141/15 **Opptak av Startlån for 2015**
- PS 130/15 **Val av nytt medlem i kontrollutvalet**
- PS 131/15 **Formannskapet - endring i raudgrøn si liste til val av formannskap**
- PS 132/15 **Endring i val til styre, råd og utval som følgje av endring i kontrollutvalet si samansetjing**
- PS 133/15 **Val av eldreråd for perioden 2015-2019**
- PS 134/15 **Val av kommunalt råd for funksjonshemma for perioden 2015-2019**
- PS 135/15 **Klagenemnd for eigedomsskatt - endringar i samansetjing**
- PS 136/15 **Val av jury til Volda kommune sin frivilligpris**
- PS 137/15 **Val av representant til prosjektgruppe og styringsgruppe i "Mellom bygningane i Volda"**
- PS 138/15 **Val av Volda kommune sine representantar i styret for Volda Skisenter 2015-2017**
- PS 139/15 **ORIENTERINGSSAKER**
- OS 37/15 **Volda Idrettsråd - Samordninga av planlegging av idrettshallar**
- OS 38/15 **Vurdering av kroppsøvingсанlegga for sentrumsskulane**
- OS 39/15 **Videre arbeid med kommunereformen - brev til alle landets kommunestyrer**

OS 40/15 **Store utfordringer krever felles mobilisering - situasjonen i det norske asylmottakssystemet**

PS 140/15 **DELEGERTE SAKER FRÅ AVDELINGANE**

DS 221/15 **Løyve til tiltak, veg Dansen Gbr 135/2**
DS 222/15 **Løyve til tiltak, tilbygg og bruksendring Gbr 20/158**
DS 223/15 **Rammeløyve, tilbygg til hytte Gbr 2/49**
DS 224/15 **Ferdigattest, altan Gbr 27/75**
DS 225/15 **Ferdigattest, bruksendring Gbr 19/275**
DS 226/15 **Løyve til tiltak, bruksendring gbr 29/43**
DS 227/15 **Ferdigattest, tomannsbustad Gbr 20/451**
DS 228/15 **Ferdigattest, parkeringsplass Gbr 21/39**
DS 229/15 **Løyve til tiltak, garasje Gbr 111/3**
DS 230/15 **Rammeløyve, tomannsbustadar+ carportar Gbr 11/7**
DS 231/15 **Løyve til tiltak, nytt bygg Gbr 11/94**
DS 232/15 **Ferdigattest, mindre tiltak Gbr 18/106**
DS 233/15 **Ferdigattest, bruksendring Gbr 20/158**
DS 234/15 **Løyve til tiltak, rehab pipe Gbr 38/1**
DS 235/15 **Ferdigattest, gapahuk Gbr 18/380**
DS 236/15 **Ferdigattest, hytte gbr 2/31 og 2/99**

PS 115/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Innkalling

Innkallinga med sakliste vart lagt ut på lesebretta og publisert på heimesida den 19.11.15.

Røysting:

Innkallinga vart samrøystes godkjent.

Ordføraren sa at møtet var lovleg sett.

Sakliste

Ordføraren kom med framlegg om at fylgjande saker skulle setjast på saklista:

- Opptak av startlån 2015
- Resolusjon vedk. Volda sjukehus

Røysting:

Saklista med tillegget frå ordføraren vart samrøystes vedteken.

Dokument lagt ut på lesebretta møtedagen:

- Protokoll frå møte i valnemnda den 25.11.15, jf sakene PS 130/15 - PS 138/15
- Ekstrasak: Opptak av startlån 2015
- Månadsrapport for oktober 2015 – vedlegg til sak PS 118/15 - 2. tertialrapport 2015

Utdelte dokument på møtet:

Framlegg til resolusjon om Volda sjukehus

Orientering:

- Ordføraren opplyste om at det blir eit møte i valnemnda i pausen.
- Statsråd Høie kjem til Ørsta og Volda den 15.12.15.
- 20.-21. januar 2016 seminar for alle kommunestyremedlemene i høve kommunereforma. Sett av datoane allereie no.

PS 116/15 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Røysting:

Møteprotokollen frå førre møte den 29.10.15 vart samrøystes godkjent.

PS 142/15 Resolusjon - Volda sjukehus

Handsaming:

Utkast til resolusjon, som vart utdelt på møtet, lydde:

Kommunestyret krev at

- 1. Sjukehuset i Volda held fram som akuttsjukehus med fullverdig akuttkirurgi med grunnlag i at 70.000 innbyggjarar på Søre Sunnmøre og Nordfjord soknar ferjefritt til Volda sjukehus. På grunn av fylkes- og føretaksgrenser er Nordfjord ikkje rekna med i regjeringa sin plan for Volda. Om akuttkirurgi blir nedlagt ved Volda sjukehus vil næraste tilbod vere i Ålesund eller Førde, i begge tilfelle må ein kryss fjordar med ferje og med vesentlege lenger reisetid. Frå Førde til Ålesund er reisetida 4,5-5 timar med høvesvis to eller tre ferjer.*
- 2. Sjukehuset i Volda får eiga leiing for å gjere samarbeidet med dei omliggande kommunane fleksibel og effektiv. Kommunane har allereie samarbeid med sjukehuset om legevakt. Samhandlingsreforma og forslag i Nasjonal helse og sjukehusplan vil krevje endå tettare samarbeid med kommunane og med sjukehuset i Volda. I denne samanhengen må fylkes- og føretaksgrensa oppmjukast for å stimulere samarbeid i den nye kvar dagsregionen skapt av Eiksundsambandet, Kvivsvegen og komande kommunikasjonsendringar. For å fremme internt og eksternt samarbeid er det sjølsagt at ein organisasjon med 400 medarbeidarar har lokal leiing.*
- 3. Sjukehuset i Volda vert verdsett som eit velfungerande sjukehus som rekrutterer godt og representerer trygghet for folk i ein større region på 70 000 innbyggjarar.*

Etter ein del drøfting kom ordføraren med fylgjande framlegg:

Ordføraren får fullmakt til å samordne uttalen med andre kommunar og godkjenne endeleg ordlyd før utsending til statsråden.

Røysting:

Utkastet til resolusjon og tilleggframlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 26.11.2015

Resolusjon - Volda sjukehus

Kommunestyret krev at

- 1. Sjukehuset i Volda held fram som akuttsjukehus med fullverdig akuttkirurgi med grunnlag i at 70.000 innbyggjarar på Søre Sunnmøre og Nordfjord soknar ferjefritt til Volda sjukehus. På grunn av fylkes- og føretaksgrenser er Nordfjord ikkje rekna med i regjeringa sin plan for Volda. Om akuttkirurgi blir nedlagt ved Volda sjukehus vil næraste tilbod vere i Ålesund eller Førde, i begge tilfelle må ein kryss fjordar med ferje og med vesentlege lenger reisetid. Frå Førde til Ålesund er reisetida 4,5-5 timar med høvesvis to eller tre ferjer.*
- 2. Sjukehuset i Volda får eiga leiing for å gjere samarbeidet med dei omliggande kommunane fleksibel og effektiv. Kommunane har allereie samarbeid med sjukehuset om legevakt. Samhandlingsreforma og forslag i Nasjonal helse og sjukehusplan vil krevje endå tettare samarbeid med kommunane og med sjukehuset i Volda. I denne samanhengen må fylkes- og føretaksgrensa oppmjukast for å stimulere samarbeid i den nye kvar dagsregionen skapt av Eiksundsambandet, Kvivsvegen og komande kommunikasjonsendringar. For å fremme internt og eksternt samarbeid er det sjølsagt at ein organisasjon med 400 medarbeidarar har lokal leiing.*
- 3. Sjukehuset i Volda vert verdsett som eit velfungerande sjukehus som rekrutterer godt og representerer trygghet for folk i ein større region på 70 000 innbyggjarar.*

Ordføraren får fullmakt til å samordne uttalen med andre kommunar og godkjenne endeleg ordlyd før utsending til statsråden.

PS 117/15 Skjenkeløyve - Fjordkongen AS (org nr 915055885)

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Kommunestyret syner til driftsstyret sitt vedtak i sak 24/15 og konstaterer at Fjordkongen AS sitt faste løyvet til skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 3 er gjeve på feil grunnlag ved at det er i strid med kommunen sin Rusmiddelpolitiske handlingsplan. Rådmannen vert beden om å varsle løyvehavar om at det vil verte førebudd sak med sikte på å inndrage det faste skjenkeløyvet for gruppe 3. Etter at fristen for ev merknader frå Fjordkongen AS er utgått, vert sak vedkomande spørsmålet om inndraging handsama og avgjort av driftsstyret som har gitt løyvet.*

2. *Kommunestyret vedtek følgjande presiseringar i skjenkeløyvet gitt av driftsstyret i sak 24/15:*
- *Butikkarealet må fysisk avgrensast, slik at det ikkje er mogleg å gå direkte mellom skjenkearealet og butikkarealet. Frist for gjennomføring av tiltaket blir sett til 30. november 2015. Dersom ikkje utbetringa er utført innan fristen, vil skjenkeløyvet umiddelbart verte inndrege inntil tiltaket er utført.*
 - *Det er stilt vilkår for skjenkeløyvet, jf alkoholova § 4-3 om at den ansvarlege for skjenkestaden må ha gjennomgått kurs i "ansvarleg vertskap" i løpet av første driftsår, så lenge kommunen tilbyr slike kurs jf pkt 1.2.1 i "Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2012-2016."*
 - *Det vert stilt vilkår jf alkoholova § 4-3 om at det ikkje er høve til å skjenke alkoholhaldig drikk ved arrangement der born og unge er målgruppe. Passasjerfartyet kan heller ikkje legge til i nærleiken av slike arrangement då det er viktig for Volda kommune å oppretthalde rusfrie soner for barn og unge.*
 - *Det vert stilt krav om 18 års aldersgrense i opningstid ved skjenking innanfor gruppe 1 og 2. Så lenge Fjordkongen AS har løyve for gruppe 3, så skal aldersgrensa vere 20 år og det vert ikkje gitt høve til at yngre er tilstades i følge med vaksne.*
 - *Det vert stilt krav om at vakthaldet alltid er slik politiet krev. Landgangen må vere godt overvaka og sikra. Plan for vakthald må leverast innan 30. november 2015. Dersom ein slik plan ikkje er kommunen i hende innan fristen, vil skjenkeløyvet umiddelbart verte inndrege inntil vilkåret er innfridd.*
 - *Det vert stilt vilkår jf alkoholova § 4-3 om at internkontrollrutinane vert ettersendt innan 30. november 2015, og at dei stetter krava i alkoholova. Dersom internkontrollrutinane ikkje er kommunen i hende innan fristen, vil skjenkeløyvet umiddelbart verte inndrege inntil vilkåret er innfridd.*

Handsaming:

Det vart halde synfaring i saka den 12.11.15.

Ordføraren kom med framlegg om å endre fristdato til 15. januar 2015, jf kulepunkt ein, fem og seks i tilrådinga.

Krf v/Anders Egil Straume kom med fylgjande alternativt framlegg:

Volda kommune vurderer å trekkje tilbake skjenkeløyvet gjeve til MS Fjordkongen.

Grunngjeving: MS Fjordkongen er eit nytt konsept og i prinsippet eit ambulerende løyve i heile Volda kommune.

Dei har i praksis vist at dei ikkje handterer løyvet på ein tilfredstillande måte.

Handsaming av saka har vorte for dårlig og svært kritikkverdig handtert både av administrasjonen og politisk.

Dette er eit nytt konsept med kombinasjon av pub og butikk der skiljet mellom butikk og pub i beste tilfelle kan kallast ei provisorisk løysing. I høve til ruspolitisk handlingsplan skal det forast ei restriktiv line med nye konsept. Vi kan ikkje sjå at det er teke dei nødvendige omsyn til planen.

Volda kommune har ikkje teke sitt ansvar på ein god nok måte. Løyvet bør trekkast tilbake med dei konsekvensen det kan medføre.

Kommunestyret ber administrasjonen varsle løyvehavar om at kommunestyret vurderer å trekke skjenkeløyvet attende.

Røysting:

Ved alternativ røysting mellom administrasjonen si tilråding med endringa frå ordføraren og framlegget frå Krf, fekk tilrådinga frå administrasjonen 21 røyster og vart vedteke. Framlegget frå Krf fekk fem røyster og fall.

Vedtak i Kommunestyret - 26.11.2015

1. *Kommunestyret syner til driftsstyret sitt vedtak i sak 24/15 og konstaterer at Fjordkongen AS sitt faste løyvet til skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 3 er gjeve på feil grunnlag ved at det er i strid med kommunen sin Rusmiddelpolitiske handlingsplan. Rådmannen vert beden om å varsle løyvehavar om at det vil verte førebudd sak med sikte på å inndrage det faste skjenkeløyvet for gruppe 3. Etter at fristen for ev merknader frå Fjordkongen AS er utgått, vert sak vedkomande spørsmålet om inndraging handsama og avgjort av driftsstyret som har gitt løyvet.*
2. *Kommunestyret vedtek følgjande presiseringar i skjenkeløyvet gitt av driftsstyret i sak 24/15:*
 - *Butikkarealet må fysisk avgrensast, slik at det ikkje er mogleg å gå direkte mellom skjenkearealet og butikkarealet. Frist for gjennomføring av tiltaket blir sett til 15. januar 2015. Dersom ikkje utbetringa er utført innan fristen, vil skjenkeløyvet umiddelbart verte inndrege inntil tiltaket er utført.*
 - *Det er stilt vilkår for skjenkeløyvet, jf alkohollova § 4-3 om at den ansvarlege for skjenkestaden må ha gjennomgått kurs i "ansvarleg vertskap" i løpet av første driftsår, så lenge kommunen tilbyr slike kurs jf pkt 1.2.1 i "Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2012-2016."*
 - *Det vert stilt vilkår jf alkohollova § 4-3 om at det ikkje er høve til å skjenke alkoholhaldig drikk ved arrangement der born og unge er målgruppe. Passasjerfartyet kan heller ikkje legge til i nærleiken av slike arrangement då det er viktig for Volda kommune å oppretthalde rusfrie soner for barn og unge.*
 - *Det vert stilt krav om 18 års aldersgrense i opningstid ved skjenking innanfor gruppe 1 og 2. Så lenge Fjordkongen AS har løyve for gruppe 3, så skal aldersgrensa vere 20 år og det vert ikkje gitt høve til at yngre er tilstades i følge med vaksne.*
 - *Det vert stilt krav om at vakthaldet alltid er slik politiet krev. Landgangen må vere godt overvaka og sikra. Plan for vakthald må leverast innan 15. januar 2015. Dersom ein slik plan ikkje er kommunen i hende innan fristen, vil skjenkeløyvet umiddelbart verte inndrege inntil vilkåret er innfridd.*
 - *Det vert stilt vilkår jf alkohollova § 4-3 om at internkontrollrutinane vert ettersendt innan 15. januar 2015, og at dei stetter krava i alkohollova. Dersom internkontrollrutinane ikkje er kommunen i hende innan fristen, vil skjenkeløyvet umiddelbart verte inndrege inntil vilkåret er innfridd.*

PS 118/15 2. Tertialrapport 2015

Tilråding i formannskapet - 03.11.2015 til kommunestyret:

1. *2. Tertialrapport 2015 vert teken til vitende.*
2. *Finansrapport (passiva) vert teken til vitende (vedlegg nr. 1)*
3. *Finansrapport (aktiva) vert teken til vitende (vedlegg nr. 2)*

Handsaming:

Månadsrapport for oktober 2015 var lagt ut på lesebretta om morgonen på møtedagen og er å rekne som vedlegg til sak PS 118/15.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 26.11.2015

1. *2. Tertialrapport 2015 vert teken til vitende.*
2. *Finansrapport (passiva) vert teken til vitende (vedlegg nr. 1)*
3. *Finansrapport (aktiva) vert teken til vitende (vedlegg nr. 2)*

PS 119/15 Justering av innkjøpsreglementet

Tilråding i formannskapet - 17.11.2015 til kommunestyret:

Volda kommune sitt reglement for innkjøp frå 1998 vert oppheva.

Handsaming:

Øyvind Festø kom med fylgjande oversendingsframlegg til administrasjonen:

EU/EØS sitt regulativ for innkjøpsordningar vil gjelde for Volda kommune. Kommunestyret ber difor rådmannen sjå på kva miljøkrav kommunen har høve til å stille i anbudsrundar etter dette regulativet.

Ordføraren kom med fylgjande framlegg:

EU/EØS sitt regulativ for innkjøpsordningar vil gjelde for Volda kommune. Kommunestyret ber rådmannen om nærare orientering om kva lokale krav det er mogleg å stille i anbudsrundar i innkjøpsordninga og konsekvensar av slike krav. Dette gjeld spesielt miljøkrav og krav om lærlingar. Dette kan gjerne vere i form av eit seminar for tilsette og politikarar.

Øyvind Festø trekte framlegget sitt.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet med tilleggsframlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 26.11.2015

Volda kommune sitt reglement for innkjøp frå 1998 vert oppheva.

EU/EØS sitt regulativ for innkjøpsordningar vil gjelde for Volda kommune.

Kommunestyret ber rådmannen om nærare orientering om kva lokale krav det er mogleg å stille i anbudsrundar i innkjøpsordninga og konsekvensar av slike krav. Dette gjeld spesielt miljøkrav og krav om lærlingar. Dette kan gjerne vere i form av eit seminar for tilsette og politikarar.

PS 120/15 Plan Id 1519 -2012011: Reguleringsplan område B60 Strand

Tilråding i formannskapet - 17.11.2015 til kommunestyret:

- 1. Reguleringsplan for "Område B60 -Strand- gnr 15/2 m.fl." slik det går fram av planomtale, reguleringskart og føresegner datert 10.11.2015 vert godkjent i samsvar med Plan og bygningslova §12 -12.*
- 2. Med fylgjande endring:
Tilkomst til bygg på område Bk2 skal vere frå veg f_SKV_1. Vist avkøyringspunkt frå Gamlevegen i austre kant av Bk2 skal såleis gå ut.*

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 26.11.2015

- 1. Reguleringsplan for "Område B60 -Strand- gnr 15/2 m.fl." slik det går fram av planomtale, reguleringskart og føresegner datert 10.11.2015 vert godkjent i samsvar med Plan og bygningslova §12 -12.*
- 2. Med fylgjande endring:
Tilkomst til bygg på område Bk2 skal vere frå veg f_SKV_1. Vist avkøyringspunkt frå Gamlevegen i austre kant av Bk2 skal såleis gå ut.*

PS 121/15 Nye 110-regionar og samlokalisering av nødmeldetenesta - Høyring

Tilråding i formannskapet - 03.11.2015 til kommunestyret:

Kommunestyret rår til at 110-sentralen for Møre og Romsdal vert lokalisert til Ålesund.

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 26.11.2015

Kommunestyret rår til at 110-sentralen for Møre og Romsdal vert lokalisert til Ålesund.

PS 122/15 Campusutvikling på høgskulen i Volda - Kommunen sin medverknad

Tilråding i formannskapet - 03.11.2015 til kommunestyret:

- 1. Det vert oppnemnt eit politisk arbeidsutval som får som mandat å avklare kommunen sine behov og muligheiter i ei oppfølging av resultata frå arbeidsgruppene for Campusprosjektet punkt 4.*
- 2. Følgjande vert valt til medlemmer i utvalet:*

Medlemer:

Jørgen Amdam, Fride Sortehaug og Odd Harald Sundal

Varamedlemer:

Gunnar Strøm, Sølvi Dimmen

Medlemer:

Arild Iversen og Dan Bjørneset

Varamedlemer:

Margrethe Bjerkvik og Odd A. Folkestad

Jørgen Amdam vert valt til leiar.

- 3. I mandatet inngår m.a vurdering og framlegg om:*
 - Framtidig lokalisering av kino og type kinokonsept*
 - Kva formål Volda samfunnshus skal ha i framtida*
 - Definere behovet for og aktuell sambruksløyising av lokale saman med Høgskulen og ev andre partar.*

4. *Utvalet skal vurdere om utbyggingsplanane på Campusområdet kan gripe inn i utgreiingsarbeidet for ny Voldahall. Arbeidsgruppa for hallprosjektet får derfor utsett frist til 1. mai 2016 til å leggje fram sin rapport.*
5. *Utvalet skal vurdere tiltak på kort sikt og tiltak på lang sikt, innanfor berekraftige og realistiske økonomiske rammer. Utvalet skal i si vurdering konsekvensutgreie tiltaka det kjem med framlegg om, m.a kva konsekvensar det kan ha på kommunen sine prioriteringar i økonomiplansamanheng. Frist for utvalet sitt arbeid: 15.2.16.*

Handsaming:

Ordføraren kom med fylgjande endringsframlegg til pkt. 2 i tilrådinga frå formannskapet:

Medlemer:

*Jørgen Amdam
Fride Schjølberg Sortehaug
Odd Harald Sundal
Margrete Bjerkvik
Dan Bjørneset*

Varamedlemer:

*Gunnar Strøm
Roald Espset
Sølvi Dimmen
Anders Egil Straume*

Røysting:

Pkt. 1, 3, 4 og 5 i tilrådinga formannskapet vart samrøystes vedteke.

Pkt. 2 i tilrådinga frå formannskapet med endringsframlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 26.11.2015

1. *Det vert oppnemnt eit politisk arbeidsutval som får som mandat å avklare kommunen sine behov og muligheiter i ei oppfølging av resultata frå arbeidsgruppene for Campusprosjektet punkt 4.*
2. *Følgjande vert valt til medlemer i utvalet:*

Medlemer:

*Jørgen Amdam
Fride Schjølberg Sortehaug
Odd Harald Sundal
Margrete Bjerkvik
Dan Bjørneset*

Varamedlemer:

1. *Gunnar Strøm*

2. *Roald Espset*
3. *Sølvi Dimmen*
4. *Anders Egil Straume*

Jørgen Amdam vert valt til leiar.

3. *I mandatet inngår m.a vurdering og framlegg om:*
 - *Framtidig lokalisering av kino og type kinokonsept*
 - *Kva formål Volda samfunnshus skal ha i framtida*
 - *Definere behovet for og aktuell sambruksløyising av lokale saman med Høgskulen og ev andre partar.*
4. *Utvalet skal vurdere om utbyggingsplanane på Campusområdet kan gripe inn i utgreiingsarbeidet for ny Voldahall. Arbeidsgruppa for hallprosjektet får derfor utsett frist til 1. mai 2016 til å leggje fram sin rapport.*
5. *Utvalet skal vurdere tiltak på kort sikt og tiltak på lang sikt, innanfor berekraftige og realistiske økonomiske rammer. Utvalet skal i si vurdering konsekvensutgreie tiltaka det kjem med framlegg om, m.a kva konsekvensar det kan ha på kommunen sine prioriteringar i økonomiplansamanheng. Frist for utvalet sitt arbeid: 15.2.16.*

PS 123/15 Næringsareal på Rotset - Gjennomføring av reguleringsplan-Oreigning.

Tilråding i formannskapet - 03.11.2015 til kommunestyret:

1. *Med heimel i kap. 16 i Plan- og bygningslova oreignar Volda kommune frå Per Schjelderup, eigar av gnr. 30 bnr. 4, om lag 48 da med påståande bygning, i samsvar med detaljreguleringsplanen for "Øvre Rotset næringsområde", vedteken i kommunestyret i møte 13.11.14, sak 142/14 . Eventuelle rettar, avtalar og liknande som måtte kvile på areala nemnt ovanfor vert og oreigna.*
2. *Kommunestyret meiner tvangsinngrepet etter punkt 1 ovanfor tvillaust er meir til gagn enn skade.*
3. *Volda kommune vil søkje fylkesmannen i Møre og Romsdal om løyve til å ta grunnen i bruk før det er halde skjøn.*
4. *Volda kommune krev skjøn.*

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 26.11.2015

1. *Med heimel i kap. 16 i Plan- og bygningslova oreignar Volda kommune frå*

Per Schjelderup, eigar av gnr. 30 bnr. 4, om lag 48 da med påståande bygning, i samsvar med detaljreguleringsplanen for "Øvre Rotset næringsområde", vedteken i kommunestyret i møte 13.11.14, sak 142/14 . Eventuelle rettar, avtalar og liknande som måtte kvile på areala nemnt ovanfor vert og oreigna.

2. *Kommunestyret meiner tvangsinngrepet etter punkt 1 ovanfor tvillaust er meir til gagn enn skade.*
3. *Volda kommune vil søkje fylkesmannen i Møre og Romsdal om løyve til å ta grunnen i bruk før det er halde skjøn.*
4. *Volda kommune krev skjøn.*

PS 124/15 "Førebyggje utanforskap - inkludere i felleskapet"

Tilråding i formannskapet - 03.11.2015 til kommunestyret:

Kommunestyret sluttar seg til KS si satsing på å førebyggje utanforskap og bidra til inkludering, til beste for den einskilde og samfunnet generelt.

Handsaming:

Jenny Venås, Frp, kom med fylgjande tilleggsframlegg:

Kommunestyret ynskjer at administrasjonen førebur og kjem tilbake med ei sak om korleis Volda kommune skal møte og ivareta utfordringane som kjem fram i rapporten fra KS og Møre Forskning.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.
Framlegget frå Jenny Venås vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 26.11.2015

Kommunestyret sluttar seg til KS si satsing på å førebyggje utanforskap og bidra til inkludering, til beste for den einskilde og samfunnet generelt.

Kommunestyret ynskjer at administrasjonen førebur og kjem tilbake med ei sak om korleis Volda kommune skal møte og ivareta utfordringane som kjem fram i rapporten fra KS og Møre Forskning.

PS 125/15 Reforhandla samhandlingsavtale mellom Helse Møre og Romsdal og Romsdal HF og kommunane i Møre og Romsdal - godkjenning

Tilråding i formannskapet - 03.11.2015 til kommunestyret:

- 1. Volda kommunestyre godkjenner den reviderte Samhandlingsavtalen mellom Volda kommune og Helse Møre og Romsdal HF slik den ligg føre i vedlegg til saka, unnateke vedlegg 5a, som er sendt til tvisteløysning.*
- 2. Volda kommunestyre har som føresetnad at vedlegg 5a i den tidlegare avtalen skal gjelde uendra inntil avgjerd i Nasjonal Tvisteløysingsnemd.*
- 3. Rådmannen får fullmakt til å vedta retningsliner og prosedyrer som følgjer av avtalen, dersom desse ikkje er av vesentleg eller prinsipiell betydning. Rådmannen får på same vilkår også fullmakt til administrativ godkjenning av vedlegg 5a, når avgjerd i Nasjonal Tvisteløysingsnemd ligg føre.*

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 26.11.2015

- 1. Volda kommunestyre godkjenner den reviderte Samhandlingsavtalen mellom Volda kommune og Helse Møre og Romsdal HF slik den ligg føre i vedlegg til saka, unnateke vedlegg 5a, som er sendt til tvisteløysning.*
- 2. Volda kommunestyre har som føresetnad at vedlegg 5a i den tidlegare avtalen skal gjelde uendra inntil avgjerd i Nasjonal Tvisteløysingsnemd.*
- 3. Rådmannen får fullmakt til å vedta retningsliner og prosedyrer som følgjer av avtalen, dersom desse ikkje er av vesentleg eller prinsipiell betydning. Rådmannen får på same vilkår også fullmakt til administrativ godkjenning av vedlegg 5a, når avgjerd i Nasjonal Tvisteløysingsnemd ligg føre.*

PS 126/15 Kommunereformen - Oppnemning av forhandlingsnemnd

Tilråding i formannskapet - 03.11.2015 til kommunestyret:

- 1. Kommunestyret viser til sitt vedtak i sak 70/15, møte 18.6.15, og har som intensjon å følgje opp dei oppgåver og framdriftsplan som der er skissert.*
- 2. Kommunestyret vel følgjande forhandlingsnemnd på 4 medlemmer: Ordførar, varaordførar, Dan Helge Bjørneset og rådmann.*

3. *Kommunestyret føreset at rådgjevande folkerøysting om kommunesamanslåing vert halde same dag i Volda og Ørsta.*

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 26.11.2015

1. *Kommunestyret viser til sitt vedtak i sak 70/15, møte 18.6.15, og har som intensjon å følgje opp dei oppgåver og framdriftsplan som der er skissert.*
2. *Kommunestyret vel følgjande forhandlingsnemd på 4 medlemmer: Ordførar, varaordførar, Dan Helge Bjørneset og rådmann.*
3. *Kommunestyret føreset at rådgjevande folkerøysting om kommunesamanslåing vert halde same dag i Volda og Ørsta.*

PS 127/15 Rapportering på oppfølging av vedtak pr. utgangen av august 2015

Tilråding i formannskapet - 03.11.2015 til kommunestyret:

Kommunestyret tek rapporten til orientering.

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 26.11.2015

Kommunestyret tek rapporten til orientering.

PS 128/15 Bruk av vertskommunetilskotet for asylmottak

Tilråding i formannskapet - 17.11.2015 til kommunestyret:

1. *Frå 01.10.15 får helsestasjonen auka stillingsressurs på 50% som helsesøster knytt til helseoppfølging overfor bebuarar ved EMA-avdelinga på Volda mottak. Kostnaden finansierast av vertskommunetilskotet.*

2. *Frå 01.10.15 får legesenteret auka stillingsressurs på 30% som helsesekretær og 10% som lege knytt til helsetenestilbod overfor auka tal bebuarar i mottak. Kostnaden finansierast av vertskommunetilskotet.*
3. *Kommunestyret gir rådmannen mynde til å styrke kommunal tenester overfor bebuarar i mottak innanfor ramma av vertskommunetilskotet.*
4. *Kommunestyret tek til vitende at det vert oppretta eit tverrfagleg team for minoritetshelse i Volda kommune.*
5. *Styrkinga skal trappast nedatt med evn tilsvarande reduksjon av flyktningar ved asylmottaket.*

Handsaming:

Punktvis røysting:

Pkt. 1 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Pkt. 2 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Pkt. 3 i tilrådinga frå formannskapet fekk 20 røyster og vart vedteke. 6 røysta mot.

Pkt. 4 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Pkt. 5 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 26.11.2015

1. *Frå 01.10.15 får helsestasjonen auka stillingsressurs på 50% som helsesøster knytt til helseoppfølging overfor bebuarar ved EMA-avdelinga på Volda mottak. Kostnaden finansierast av vertskommunetilskotet.*
2. *Frå 01.10.15 får legesenteret auka stillingsressurs på 30% som helsesekretær og 10% som lege knytt til helsetenestilbod overfor auka tal bebuarar i mottak. Kostnaden finansierast av vertskommunetilskotet.*
3. *Kommunestyret gir rådmannen mynde til å styrke kommunal tenester overfor bebuarar i mottak innanfor ramma av vertskommunetilskotet.*
4. *Kommunestyret tek til vitende at det vert oppretta eit tverrfagleg team for minoritetshelse i Volda kommune.*
5. *Styrkinga skal trappast nedatt med evn tilsvarande reduksjon av flyktningar ved asylmottaket.*

PS 129/15 Utkjøp av brakker nytta til undervisning

Tilråding i formannskapet - 17.11.2015 til kommunestyret:

Kommunestyret godkjenner at det vert inngått forhandlingar for kjøp av brakkene ved Øyra skule med dekning innanfor finansieringsramma for ny Øyra skule.

Handsaming:**Røysting:**

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 26.11.2015

Kommunestyret godkjenner at det vert inngått forhandlingar for kjøp av brakkene ved Øyra skule med dekning innanfor finansieringsramma for ny Øyra skule.

PS 141/15 Opptak av Startlån for 2015**Tilråding i formannskapet - 24.11.2015 til kommunestyret:**

Volda kommune tek opp lån på 4 mill kr i Husbanken (Startlån). Lånet har ei løpetid på 25 år.

Handsaming:

Saka var lagt ut på lesebretta møtedagen.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 26.11.2015

Volda kommune tek opp lån på 4 mill kr i Husbanken (Startlån). Lånet har ei løpetid på 25 år.

PS 130/15 Val av nytt medlem i kontrollutvalet**Tilråding i Valnemnda - 25.11.2015 til kommunestyret:**

Som nytt medlem i kontrollutvalet blir Bjørn Ytrestøyl valt.

Handsaming:

Tilrådinga frå valnemnda var lagt ut på lesebretta møtedagen.

Røysting:

Tilrådinga frå valnemnda vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 26.11.2015

Som nytt medlem i kontrollutvalet blir Bjørn Ytrestøyl valt.

PS 131/15 Formannskapet - endring i raudgrøn si liste til val av formannskap

Tilråding i Valnemnda - 25.11.2015 til kommunestyret:

Bjørn Ytrestøyl (som er 8. vara i formannskapet) blir erstatta av Uthman Harbid.

Handsaming:

Tilrådinga frå valnemnda vart lagt ut på lesebretta møtedagen.

Røysting:

Tilrådinga frå valnemnda vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 26.11.2015

Bjørn Ytrestøyl (som er 8. vara i formannskapet) blir erstatta av Uthman Harbid.

PS 132/15 Endring i val til styre, råd og utval som følgje av endring i kontrollutvalet si samansetjing

Tilråding i Valnemnda - 25.11.2015 til kommunestyret:

Kommunestyret vedtek endring i val til styre, råd og utval som følgje av endring i kontrollutvalet si samansetjing i samsvar med det som er nemnt i saksutgreiinga.

DRIFTSSTYRET	REPRESENTANT	VARAREPRESENTANTAR
9 plassar		
POS med framlegg	-Rebecca Riise	1. Inghild Remøy
om:	Bjerknes SP (-leiar)	2. Anne LiseFredly
		3.Dag Aarflot
	-Hild Våge (-nestleiar)	4.Idar Flo
		5.JanneHeggvoll
	-Uthman Harbid som	

	erstatter Bjørn Ytrestøyl	6.KasparSelvik 7.Lina Marie Bjørkedal 8.HelgeStandal
	-Alf Jacobsen -Mathilde Eiksund	
KRF med framlegg om:	-Henning Holsvik -Inger Tove Bilsbak Simonnes	1:Erlend Krumsvik 2:Kjell Petter Wiik 3:Alinde Marie Bjørkedal 4:Margaret Theresa Raiaratne Kornberg
FRP med framlegg om:	Roald Espset	1: Jenny Venås 2: Eiliv Halkjelsvik
H med framlegg om:	Per Svein Krøvel	1:Ivar Otto Kristiansen 2:Odd Martin Velsvik

VALNEMND 11 repr.	REPRESENTANT	VARAREPRESENTANT
AP	Hild Våge	Margrete Trovåg
AP	Magnar Sunde	Uthman Harbid som erstatter Bjørn Ytrestøyl
SP	Sølvi Dimmen	Odd Harald Sundal
SV	Åshild Vik	Gunnar Strøm
V	Fride Sortehaug	Benedicte Holmberg
MDG	Øyvind Festø	Rebecca Riise Bjerkvik
KRF	Erlend Krumsvik	Arild Iversen
KRF	Margrete Bjerkvik	Anders Egil Straume
FRP	Roald Espset	Odd A. Folkestad
FRP	Sindre OlavKvangardsnes	Jon Georg Dale
H	Sindre Rotevatn	Per Svein Krøvel

Utsetting til	REPRESENTANT	VARAREPRESENTANT
---------------	--------------	------------------

landssamanslutninga for nynorskkommunar (3 stk.)		
POS med framlegg om:	Hilde Osdal	1: Sølvi Dimmen
	Milan Ilic som erstatter Anne Lise Fredly	2: Anne Lise Fredly som erstatter Milan Ilic
OPP med framlegg om:	Karl Anders Helset	3: Inger Anne Kvamme 4: Roald Espset 5: Kaspar Selvik

Handsaming:

Tilrådinga frå valnemnda vart lagt ut på lesebretta møtedagen.

Røysting:

Tilrådinga frå valnemnda vedk. driftsstyret vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga frå valnemnda vedk. valnemnda vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga frå valnemnda vedk. utsending til landssamanslutninga for nynorskkommunar vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 26.11.2015

Kommunestyret vedtek endring i val til styre, råd og utval som følgje av endring i kontrollutvalet si samansetjing i samsvar med det som er nemnt i saksutgreiinga.

DRIFTSSTYRET	REPRESENTANT	VARAREPRESENTANTAR
9 plassar		
POS med framlegg om:	-Rebecca Riise Bjerknes SP (-leiar)	1. Inghild Remøy 2. Anne LiseFredly
		3.Dag Aarflot
	-Hild Våge (-nestleiar)	4.Idar Flo
		5.JanneHeggvoll
	-Uthman Harbid som erstatter Bjørn Ytrestøyl	6.KasparSelvik
		7.Lina Marie Bjørkedal
	-Alf Jacobsen	8.HelgeStandal
	-Mathilde Eiksund	

KRF med framlegg om:	-Henning Holsvik -Inger Tove Bilsbak Simonnes	1:Erlend Krumsvik 2:Kjell Petter Wiik 3:Alinde Marie Bjørkedal 4:Margaret Theresa Raiaratne Kornberg
FRP med framlegg om:	Roald Espset	1: Jenny Venås 2: Eiliv Halkjelsvik
H med framlegg om:	Per Svein Krøvel	1:Ivar Otto Kristiansen 2:Odd Martin Velsvik

VALNEMND 11 repr.	REPRESENTANT	VARAREPRESENTANT
AP	Hild Våge	Margrete Trovåg
AP	Magnar Sunde	Uthman Harbid som erstatte Bjørn Ytrestøyl
SP	Sølvi Dimmen	Odd Harald Sundal
SV	Åshild Vik	Gunnar Strøm
V	Fride Sortehaug	Benedicte Holmberg
MDG	Øyvind Festø	Rebecca Riise Bjerkvik
KRF	Erlend Krumsvik	Arild Iversen
KRF	Margrete Bjerkvik	Anders Egil Straume
FRP	Roald Espset	Odd A. Folkestad
FRP	Sindre OlavKvangardsnes	Jon Georg Dale
H	Sindre Rotevatn	Per Svein Krøvel

Utsetting til landssamanslutninga for nynorskkommunar (3 stk.)	REPRESENTANT	VARAREPRESENTANT
POS med framlegg om:	Hilde Osdal	1: Sølvi Dimmen
	Milan Ilic som erstatte Anne Lise Fredly	2: Anne Lise Fredly som erstatte Milan Ilic
OPP med framlegg om:	Karl Anders Helset	3: Inger Anne Kvamme

		4: Roald Espset 5: Kaspar Selvik
--	--	-------------------------------------

PS 133/15 Val av eldreråd for perioden 2015-2019

Tilråding i Valnemnda - 25.11.2015 til kommunestyret:

Kommunestyret vel følgjande representantar eldrerådet for perioden 2015-2019

1. *Roger Nedreklepp*
2. *Ingun Øye*
3. *Einar Børtveit*
4. *Jorunn Øvstebo*
5. *Inger Johanne Halkjelsvik*

Som vara blir følgjande vald:

1. *Mao Deogratias Muccocori*
2. *Reidun Eide*
3. *Inge Kløvning*
4. *Kirsten Homberset*
5. *Hilda Fløtre*

Handsaming:

Tilrådinga frå valnemnda vart lagt ut på lesebretta møtedagen.

Røysting:

Tilrådinga frå valnemnda vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 26.11.2015

Kommunestyret vel følgjande representantar eldrerådet for perioden 2015-2019

1. *Roger Nedreklepp*
2. *Ingun Øye*
3. *Einar Børtveit*
4. *Jorunn Øvstebo*
5. *Inger Johanne Halkjelsvik*

Som vara blir følgjande vald:

1. *Mao Deogratias Muccocori*
2. *Reidun Eide*
3. *Inge Kløvning*
4. *Kirsten Homberset*
5. *Hilda Fløtre*

PS 134/15 Val av kommunalt råd for funksjonshemma for perioden 2015-2019

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret vel følgjande representantar og vararepresentantar til råd for funksjonshemma for perioden 2015-2019.....

Som leiar for råd for funksjonshemma for perioden 2015-2019 vert valt

Som nestleiar for råd for funksjonshemma for perioden 2015-2019 vert..... valt

Handsaming:

Saka vart utsett i valnemnda til organisasjonane har funne ut kven som skal vere deira kandidatar.

Kommunestyret gjorde såleis ikkje vedtak i saka no.

Røysting:

Vedtak i Kommunestyret - 26.11.2015

PS 135/15 Klagenemnd for eigedomsskatt - endringar i samansetjing

Tilråding i Valnemnda - 25.11.2015 frå kommunestyret:

Som nytt/nye medlem(mer) og varamedlem blir følgjande valt:

Per Steinsvik som fast medlem og Lise Ekros som varamedlem.

Handsaming:

Tilrådinga frå valnemnda vart lagt ut på lesebretta møtedagen.

Røysting:

Tilrådinga frå valnemnda vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 26.11.2015

Som nytt/nye medlem(mer) og varamedlem blir følgjande valt:

Per Steinsvik som fast medlem og Lise Ekros som varamedlem.

PS 136/15 Val av jury til Volda kommune sin frivilligpris

Tilråding i Valnemnda - 25.11.2015 til kommunestyret:

Kommunestyret vel følgjande jury til Frivilligprisen:

Jury:

1. *Hild Våge*
2. *Fride Sortehaug*
3. *Henning Holsvik*

Nemnda konstituerer seg sjølv.

Handsaming:

Tilrådinga frå valnemnda vart lagt ut på lesebretta møtedagen.

Røysting:

Tilrådinga frå valnemnda vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 26.11.2015

Kommunestyret vel følgjande jury til Frivilligprisen:

Jury:

1. *Hild Våge*
2. *Fride Sortehaug*
3. *Henning Holsvik*

Nemnda konstituerer seg sjølv.

PS 137/15 Val av representant til prosjektgruppe og styringsgruppe i "Mellom bygningane i Volda"

Tilråding i Valnemnda - 26.11.2015 til kommunestyret:

Kommunestyret vel Jørgen Amdam som representant i prosjektgruppa til "mellom bygningane i Volda."

Kommunestyret vel følgjande 5 formannskapsmedlemer som representantar til styringsgruppa for "Mellom bygningane i Volda."

1. *Fride Schjølberg Sortehaug*
2. *Gunnar Strøm*
3. *Odd A. Folkestad*
4. *Dan Bjørneset*
5. *Anders Egil Straume*

Handsaming:

Tilrådinga frå valnemnda vart lagt ut på lesebretta møtedagen.

Røysting:

Tilrådinga frå valnemnda vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 26.11.2015

Kommunestyret vel Jørgen Amdam som representant i prosjektgruppa til "mellom bygningane i Volda.

Kommunestyret vel følgjande 5 formannskapsmedlemer som representantar til styringsgruppa for "Mellom bygningane i Volda."

1. *Fride Schjølberg Sortehaug*
2. *Gunnar Strøm*
3. *Odd A. Folkestad*
4. *Dan Bjørneset*
5. *Anders Egil Straume*

PS 138/15 Val av Volda kommune sine representantar i styret for Volda Skisenter 2015-2017**Tilråding i Valnemnda - 25.11.2015 til kommunestyret:**

Kommunestyret vel følgjande representantar til styret for Volda Skisenter AS for perioden 2015 – 2017:

Representantar:

1. *Gunnar Andenes*
2. *Askjell Våge*

Vararepresentantar:

1. *Einar Heltne*
2. *Eldar Meek*

Handsaming:

Tilrådinga frå valnemnda vart lagt ut på lesebretta møtedagen.

Røysting:

Tilrådinga frå valnemnda vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 26.11.2015

Kommunestyret vel følgjande representantar til styret for Volda Skisenter AS for perioden 2015 – 2017:

Representantar:

- 1. Gunnar Andenes***
- 2. Askjell Våge***

Vararepresentantar:

- 1. Einar Heltne***
- 2. Eldar Meek***

PS 139/15 Orienteringssaker

Handsaming:

Røysting:

Ingen hadde noko å merke til orienteringssakene.

PS 140/15 Delegerte saker frå avdelingane

Handsaming:

Røysting:

Ingen hadde noko å merke til dei delegerte sakene frå avdelingane.

Møtet slutt kl. 18:50

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
27.11.2015

Unni Strand
sekr.